

# BACHELOROPPGÅVE

## Slektsfosterheim

Kva fordelar og ulemper kan fosterheimsplassering i eigen slekt føre med seg for eit barn under offentleg omsorg og for barnevernet sitt arbeid med fosterfamilien?

av

Victoria Bårtvedt Westerheim

Kandidatnummer: 118

What advantages and disadvantages can kinship care lead to for a child under public care and for child protective services work with the foster family?

Sosialt Arbeid

BSV5-300

Mai 2016

## **Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)**

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva (Kva fordelar og ulemper kan fosterheimplassering i eigen slekt føre med seg for eit barn under offentleg omsorg og for barnevernet sitt arbeid med fosterfamilien?) i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

118 Victoria Bårtvedt Westerheim

kandidatnummer og namn

JA  NEI

## Innholdsliste

<b>1.0 Innleiing</b> .....	<b>4</b>
1.1 Val av problemstilling.....	5
1.2 Oppgåvas oppbygnad.....	5
1.3 Avgrensing og presisering .....	6
1.4 Omgrepsavklaring.....	6
1.4.1 Fosterheim/Slektsfosterheim .....	6
1.4.2 Ordinære fosterheimar.....	7
<b>2.0 Metode</b> .....	<b>7</b>
2.1 Bakgrunn for valt metode .....	7
2.2 Litteratursøk og kjeldekritikk .....	8
2.3 Presentasjon av forskning og teori.....	9
2.3.1 Primærlitteratur.....	9
2.3.2 Sekundærlitteratur .....	9
<b>3.0 Teori</b> .....	<b>10</b>
3.1 Prinsippet om barnets beste .....	10
3.2 Det biologiske prinsipp .....	11
3.3 Slektskap .....	12
3.4 Kontinuitet .....	13
3.5 Identitet .....	13
3.6 Stabilitet .....	14
3.7 Tilhøyrsløse .....	14
3.7.1 Tilknytning .....	14
3.7.2 Lojalitet.....	15
3.8 Nettverk.....	15
3.9 Familieråd .....	16
3.10 Fosterbarn sine meiningar.....	16
<b>4.0 Drøfting</b> .....	<b>17</b>
4.1 Er slektskap ein fordel når det gjeld å ta vare på kontinuitet og stabilitet? .....	17
4.2 Utvikling av identitet .....	19
4.3 Verdien av å halda ved lag nettverket.....	20
4.4 Kontakt med sine biologiske foreldre .....	20

4.5 Påverkar slektplassering barnevernet sitt arbeid med familien? .....	22
4.6 Når kan slektplassering vere eit uheldig alternativ?.....	23
<b>5.0 Avslutning</b> .....	<b>24</b>
<b>7.0 Litteraturliste</b> .....	<b>25</b>

## 1.0 Innleiing

I mi bacheloroppgåva har eg valt å ta for meg temaet fosterheimsplassering i slekt. Dei aller fleste barn i Noreg veks opp under trygge forhold med gode vaksne personar rundt seg, medan andre ikkje kan bu heime. Desse barna kan bli plassert i fosterheim der dei kan få ein trygg og stabil omsorgsbasis. Slektsfosterheim er eit av fleire alternativ for barn som ikkje kan bu heime hjå foreldra. Dette feltet er i stadig utvikling, som mykje anna innan sosialt arbeid. I 2014 var vel 14 800 barn og unge plassert med tiltak utanfor heimen sin og 7 av 10 av desse vart plassert i fosterheim (SSB, 2014). Rundt 2630 av desse var barn i fosterheim i slekt og nære nettverk (Meld. St. 17 (2015-2016), s. 19). Talet på barn i slekt har auka mykje dei siste åra. Frå 2003 til 2014 har talet auka med 58 % (Meld. St. 17 (2015-2016), s. 31).

Det har vort forskjellige oppfatningar om slektsfosterheim er å føretrekke når eit barn må flytte frå sine biologiske foreldre. Motstanden i barnevernet mot å plassere barn hos familien kan knytast til sosialfaglege tilnærmingar som blei utvikla på 1960-talet og hadde som hensikt å hindra negativ sosial arv (Moldestad, 1996). Dette gjekk ut på at omsorgssviktande foreldre kom frå omsorgssviktande heimar og dermed mangla dei ferdigheitene som var naudsynte for å ivareta ansvar for barn (Thørnblad, 2011). Dermed skulle plassering i barnet si slekt unngåast. Etter kvart har me fått fleire studiar, blant anna norske, som visar at det er liten forskingsmessig dekning for den generelle skepsisen mot slektsfosterheimar som gode alternativ for barn som må flytta (Thørnblad, 2011). Forsking viste at slektsfosterheimar ikkje var mindre stabile enn ordinære fosterheimar (Holtan, 2002). Frå 1. januar 2004 heiter det at:

*”Barneverntjenesten skal alltid vurdere noen i barnets familie eller nære nettverk kan velges som fosterhjem”* (Forskrift om fosterhjem 2003, § 4).

I år presenterte regjeringa for fyrste gong ei stortingsmelding om fosterheim, *Trygghet og omsorg- Fosterhjem til barns beste*. Stortingsmeldinga seier at slektsfosterheimar ofte er meir stabile enn ordinære fosterheimar. Samstundes visar det seg at slekta oftare er einslege, har dårligare økonomi, har fleire konfliktfylte relasjonar med andre familiemedlemmar, lågare utdanning og dårlegare helse samanlikna med andre fosterforeldre (Meld. St. 17 (2015-2016), s. 31).

## 1.1 Val av problemstilling

Grunnlaget for val av problemstilling er at eg som framtidig sosionom ønskjer meir kunnskap om slektsplassering, då dette er noko eg kan jobbe med. Eg vil veta meir om kva fordelar og ulemper ein slektsplassering kan føre med seg for eit barn og barnevernet sitt arbeid med desse familiane, fordi det er viktig å tenke på dette når ein skal velja fosterheim til det beste for barnet.

Problemstillinga har relevans fordi det er eit aktuelt tema, som treff rundt 2500 barn i Noreg kvart år. Mange familiar ønskjer å hjelpe kvarandre i vanskelege tider og det å ta vare på eit barn som slektsfosterforeldre er ei stor oppgåve. Som sosialarbeidar er det viktig å sikre at dei klarar å handtera denne oppgåva. Då brukar ein sin kunnskap mellom anna frå faget sosialt arbeid, og det ein ønskjer er å utbetra og sikra barnet si velferd med utgangspunkt i barnets beste. Det er også viktig å byggje eit positivt samarbeid mellom dei biologiske foreldra og slektsfosterforeldra då dette kan vere ein utfordring.

Ved hjelp av forskning og teori ønskjer eg å få ei utvida forståing av korleis eg skal kunne vurdera om fosterheimsplassering i slekt vil vere det beste for barnet, fordi eg som sosionom kan vere med i denne prosessen. Nye føringar skal gjere at det blir lagd enda meir vekt på å sjå slektsplassering som eit alternativ. På bakgrunn av dette er min problemstilling:

*Kva fordelar og ulemper kan fosterheimsplassering i eiga slekt føre med seg for barn under offentleg omsorg og for barnevernet sitt arbeid med fosterfamilien?*

## 1.2 Oppgåvas oppbygnad

I fyrste del av oppgåva vil eg formidla kva avgrensingar eg har gjort med tanke på problemstillinga mi og presisera den. I omgrepsavklaringa skal eg definera fosterheim, slektsfosterheim og ordinære fosterheimar. Vidare vil eg presentera den metodiske framgangsmåten, samt ei beskriving av anvendt litteratur. Deretter kjem teorikapittelet der det blir gjort greie for ulike omgrep og fosterbarn sine meiningar rundt eigen oppvekst i slektsfosterheim. I drøftingsdelen blir desse diskutert opp mot

oppgåvas problemstilling. Avslutningsvis vil funna i mitt litteraturstudie kome i ein form for oppsummering.

### 1.3 Avgrensing og presisering

Offentleg omsorg tyder at staten har overtatt ansvaret for barnet sin omsorg. Dette trer inn når fylkesnemnda, med tvang eller med foreldra sitt samtykke, fattar vedtak om omsorgsovertaking etter § 4-12, Lov om Barnevernstenester 1992. Når vedtaket er fatta overførast ansvaret for barnet til barneverntenesta. Ei omsorgsovertaking er eit sterkt inngrep i eit barns liv og vil ha store følgjer for livet til vanskelegstilte barn og deira pårørande (Holtan , 2002, s. 7). Ei slik belastning for eit barn vil kunne bringe med seg ulike fordelar og vanskar uansett val av plassering. Då er det viktig å ha ei utvida forståing av kva fordelar og ulemper barn som flyttar inn i eigen familie kan føre med seg, og korleis barnevernet sitt arbeid blir påverka ved denne forma for plassering. For å få ei betre forståing for kva dette inneberer har eg brukt forskning. Oppgåvas problemstilling gjelder dei barna som plasserast etter at barnevernet har overtatt omsorga uavhengig av barnet sin alder, fordi eg ville ikkje binda meg til ein bestemt alder.

### 1.4 Omgrepsavklaring

#### 1.4.1 Fosterheim/Slektsfosterheim

Fosterheimar er private heimar som varierar i både type og funksjon. Dei tar imot barn til oppfostring, som for ein periode ikkje kan bu hjå egne foreldre. Felles for dei er å gi barnet god omsorg. Lova definerar fosterheim som :

- a) *private hjem som tar i mot barn til oppfostring på grunnlag av barnevernstjenestensbeslutning om hjelpetiltak etter §4-4, eller i samband med omsorgsovertakelse etter § 4-12, eller § 4-8 annet og tredje ledd, 5*
- b) *private hjem som skal godkjennes i henhold til § 4-7. (jf. Barneverntenestelova § 4-22)*

Lov om barneverntenester av 17. Juli 1992 nr (100) inneheld avgjersle om plassering av barn i fosterheim, samvær mellom fosterbarn og fosterforeldre. Barnevernet skal jamleg følgje med på barnets situasjon, gi nødvendig råd og rettleiing til

fosterforeldra, og gi barnet moglegheit til medverknad og leggja til rette for samtalar med barnet (Meld. St. 17 (2015-2016), s. 19). Fosterbarnet skal ha sin eigen tilsynsførar som kontrollerar at det får den omsorga det treng. Dette skal til saman gje grunnlaget for forsvarlege tenester til barnet sitt beste og ivareta barn sin rettsikkerheit (Meld. St. 17 (2015-2016), s. 19). Tilfelle der slekt tar på seg ansvaret som fosterforeldre for barnet blir kalla slektsfosterheim. Med slektsfosterheim meinast ein fosterheim der barnet er i slekt med den eine eller begge fosterforeldra (Holtan, 2002, s. 8). Slektsforeldre har dei same rettane som ordinære fosterforeldre.

### **1.4.2 Ordinære fosterheimar**

I denne bacheloroppgåva brukast nemninga *ordinære fosterheimar* som ein fellesnemning for alle fosterheimar der barnet ikkje er i slekt med nokon av medlemmane i fosterfamilien.

## **2.0 Metode**

Ein metode fortel oss korleis me skal innhenta, tolka og vurdera informasjon. Bakgrunnen for val av ein bestemt type metode er at ein meiner den vil gi oss gode data og belysa problemstillinga på ein fagleg interessant måte (Dalland, 2010, s. 83). Metoden seier noko om korleis me innhentar informasjon om verkelegheita. Dette kan ein gjer på forskjellige måtar alt etter kva føremålet med oppgåva er. I denne oppgåva har eg valt å bruke litteraturstudie, som er ein kvalitativ metode. Eit litteraturstudie inneber at ein tar utgangspunkt i eksisterande kunnskap på eit felt (Dalland, 2010). Då har eg tatt i bruk bøker, forskning og skriftlege kjelder. Dette gjer eg for å få ein djupare forståing av valt tema og for å belysa mi problemstilling. Når ein baserer oppgåva si på eksisterande kunnskap er det viktig å vise korleis du har komen fram til valt litteratur (Dalland, 2010).

### **2.1 Bakgrunn for valt metode**

Eg har valt litteraturstudie på bakgrunn av oppgåvas omfang, samt tidsavgrensinga som er sett. Problemstilling mi er nokså brei difor var eg avhengig av andre sine studiar for å kunne visa ulike synspunkt ved problemstillinga. Forsking på slektsfosterheimar er eit relativt nytt område. I Norden er forskning fortsatt avgrensa, men i dei siste åra har det komen meir. I undersøkinga mi kom det fram god forskning



og teori som var relevant for oppgåva, som gjorde det naturleg å velja litteraturstudie. Litteraturstudie er effektivt med tanke på tidsavgrensinga eg må stilla meg til gjennom studien.

## 2.2 Litteratursøk og kjeldekritikk

Gjennom biblioteket til Høgskulen i Sogn og Fjordane sine databasar har eg brukt søkemotorane Academic Search Elite, Idunn, Lovadata, Brage og Oria. Med tanke på at rundt 10 000 barn blir plassert i fosterheim kvart år fann eg ein del litteratur.

For å identifisera bøker og artiklar som var relevante for oppgåva er søkeord som ”fosterhjem”, ”fosterhjem i egen slekt”, ”slektsplassering”, ”stabilitet”, ”kontinuitet”, ”kinshipcare”, ”foster care”, ”slægtspleje” nytta. Vidare er det også nytta bøker frå tidlegare pensum, Google Scholar og ulike internettsider. Ved val av forskingsmateriale har eg kvalitetssikra dei enkelte artiklane noko som blant anna er gjort ved å bruka fagfelleverderte artiklar. Dette inneber at artikkelen er godkjent og vurdert av andre fagpersonar innan same fagfelt (Dalland, 2010).

Det er viktig å utøve ein kritisk gjennomgang av skriftlege kjelder og at ein lagar ein samanfatning av funna gjennom ein diskusjon (Dalland, 2010). Dalland (2010) tar opp viktigheita av å vurdere og forklara litteraturen ein vel. Hensikta med kjeldekritikken er at den skal vere med på å hjelpe lesaren til å kunne ta del i dei ulike refleksjonane som er gjort, kva ulik relevans og gyldigheit den har og for å kunne belysa problemstillinga som ein har valt (Dalland, 2010).

Ulikheitane blant anna i lovgjeving, velferdsordningar og tradisjonar førar til forskjellige barnevernspraksisar i ulike land. Det er store variasjonar landa imellom når det gjeld slektsplassering. På bakgrunn av dette har eg valt å vektleggja norsk forskning, då dette vil belysa min problemstilling best mogleg. Oppgåva er basert på ein kombinasjon av primær- og sekundærlitteratur. Primærlitteratur er forskingsarbeid eller bøker som er sjølvstendig dokumentert arbeid, medan sekundærlitteratur byggjer på primærkjelder ved å vise til og referere til disse kjeldene (Dalland, 2010). Dalland (2010) påpeikar at ved bruk av sekundærkjelder skal ein vere oppmerksom på at budskapet, gjennom forfattaren, kan ha endra innhald. Dette har eg vert medviten om.

## 2.3 Presentasjon av forskning og teori

I dette underkapittelet vil eg presentera den forskinga og litteraturen som har vorte mest brukt i oppgåva mi.

### 2.3.1 Primærlitteratur

Doktorgradsavhandlinga i sosiologi ved Universitetet i Tromsø frå 2002 av Amy Holtan har eg brukt mykje. Hovudproblemstillinga er *”Hva betyr slektsfosterhjem for barns sosiale integrasjon”*. Studien rettar fokus mot kva det betyr å leva sin barndom under offentleg omsorg, i ein fosterheim i eigen familie, der familie er basert på kontrakt, slektsband og biologi. Den inneheld også eldre og nyare forskning både internasjonal og nasjonal, frå andre forskarar.

*”Egne barn – andres unger?”* av Bente Moldestad blei publisert i 1996. Dette er hovudoppgåva hennar om sosialarbeidaranes meining om slektsfosterheimar.

*”Slektsfosterhjem- offentlige tiltak i private hjem”* (2011) av Renee Thørnblad er ein doktorgradsavhandling frå universitetet i Tromsø. Amy Holtan var andre forfattar i denne artikkelen. Avhandlinga består av fira delar der eg kjem til å bruke to av dei, *”Slektsfosterhjem i offentlig barnevern”* og *”Oppvekst i slektsfosterhjem; unge voksne fosterbarns familieførståelser”*. *”Slektsfosterhjem i offentlig barnevern”* rettar søkelyset mot slektsfosterheim som offentleg barneverntiltak, medan *”Oppvekst i slektsfosterhjem; unge voksne fosterbarns familieførståelser”* tar for seg tematikken om korleis familie blir forstått av fosterbarn som er vakse opp i slektsfosterheim.

### 2.3.2 Sekundærlitteratur

Den sekundærkjelda eg har brukt mest er *”Praktisk barnevernsarbeid”* (2008) av psykolog Vigdis Bunkholdt og sosionom Mona Sandbæk. *”Praktisk barnevernsarbeid”* sett søkelyset mot det juridiske og teoretiske grunnlaget for forståinga og utføringa av arbeidet i barnevernsakar. I det eine kapittelet finn me fordelar og ulemper ved slektsplasseringar.

”Børn og unge anbragt i slægten” av Lajla Knudsen (2009) er ein dansk rapport om plassering av barn i slekt. Føremålet med rapporten var å samanlikna barn og unge i slektsfosterheim og i tradisjonelle fosterheimsfamiliar.

*Trygghet og omsorg- Fosterhjem til barns beste* (2016) er den første stortingsmeldinga om fosterheim. Det er ei samla framstilling av fosterheimsordninga i Noreg. Fosterheimsomsorg som gir barn og unge den omsorg og støtte dei treng for å utvikle sin evner og bli sjølvstendige vaksne er eit sentralt mål i meldinga (Meld. St. 17 (2015-2016)). Meldinga skal gi grunnlag til å føra ein ny og offensiv politikk på fosterheimsområdet etter mange rapportar som peikar på utfordringar. Mellom anna på slektsfosterheim området.

### 3.0 Teori

I denne delen av oppgåva vil eg presentera dei hovudomgrepa eg skal bruke i drøftingsdelen samt eit lite samandrag om fosterbarn sine meiningar om det å vere fosterbarn i eiga slekt. Dette gjer eg fordi det er viktig å ha ei felles forståing av dei omgrepa eg nyttar og for å veta kva meiningar fosterbarn har.

#### 3.1 Prinsippet om barnets beste

Lov om barneverntenester har som føremål å:

- a) *å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid,*
- b) *å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. (jf. Barneverntenestelova § 1-1)*

Lova sitt overordna prinsipp er barnets beste. Me kan finne det i kapittel 4, Særlige tiltak, § 4-1 i lov om barneverntenester. Omsynet til barnets beste er ein ledestråd når barn skal plasserast og skal vere utgangspunktet for dei avgjerslene som blir fatta ifølgje lova sine bestemningar i § 4-1 kapittel 4. Paragrafen legg vekt på å gi barnet stabil og god vaksenkontakt og kontinuitet i omsorga.

Det må takast ei individuell vurdering på kva som er det beste for akkurat dette barnet og deira situasjon (Kjønstad og Syse, 2008, s. 235). Bunkholdt og Sandbæk (2008, s. 33) meiner at når barnet sitt omsyn får førerang er prinsippet blitt ein realitet. Barn er ikkje i stand til å ta vare på seg sjølv på same måte som vaksne og då er omsynet til barnets beste med på å verna så langt som mogleg. No blir ikkje barn sitt på som passive mottakarar av dei vaksne sin oppdraging, men som aktive subjekt som bidrar til utforminga av sin eigen barndom og samfunnet sin kommunikasjon og interaksjon (Bunkholdt& Sandbæk, 2008, s.16). Barna skal bli høyrte og dei skal tilleggjast større og større vekt jo eldre dei blir. FNs barnekonvensjon frå 1989 har hatt ei avgjerande verknad for at barn blir sett på sjølvstendige individ med egne rettigheitar. Når eit barn er over 12 år står det i lova at dei skal få seie si meining før det blir tatt avgjersle om plassering når det gjeld fosterheim (jfr Barnevernslova § 6-3). Etter fylte 15 har dei òg rett til å uttale seg i fylkesnemnda.

I Forskrift om fosterheim står det følgjande: *"Barneverntjenesten skal alltid vurdere om noen i barnets familie eller nære nettverk kan velges som fosterhjem."* (Forskrift om fosterhjem 2003). Sjølv om fosterheimsforskriftene gir ein klar føring på korleis barnevernet skal vurderer val av fosterheim, er talet på barn som bur i slekt likevel eit mindretal. Rundt ein fjerdedel av fosterbarn blir plassert i slekt, men talet aukar (Meld. St. 17 (2015-2016)).

### **3.2 Det biologiske prinsipp**

Lovas utgangspunkt er at barn skal vakse opp hjå sine biologiske foreldre. Dette er det me kallar det biologiske prinsipp. Det biologiske prinsipp er ikkje nedskrive i regelverket, men det finst i forarbeida til lova og i rettspraksis (Kjønstad & Syse, 2008, s. 234). Prinsippet kan me også finne i barnelova § 4-12 andre ledd om omsorgsovertaking (Barnevernlova).

Det biologiske prinsippet går ut på at bandet mellom barn og familien skal blir verna om så langt det lar seg gjera. Barnekonvensjonen sikrar også barnet sin rett til å bli kjend med og få omsorg frå sine foreldre, og ikkje bli vilkårleg skilt frå dei (Bunkholdt& Sandbæk, 2008, s. 33). Konvensjonen opnar likevel for at barn kan

skillast viss omsorga ikkje er god nok eller er til skade for barna (Bunkholdt& Sandbæk, 2008, s. 33).

Å behalde kjennskapen til sine biologiske foreldre kan vere utfordrande i ein fosterheim. Døme på dette kan vere konfliktskytt tilhøve mellom dei biologiske foreldra og fosterforeldre eller at barnet må flytte langt bort som fører til at det blir vanskelegare for dei å behalda kontakta. Når det gjeld fosterheimsplassering i slekt meiner Holtan (2004) i sin artikkel at det vil vere enklare å oppretthalde kjennskap mellom barnet og foreldra enn i ein ordinær fosterheim. Fosterforeldra vil då lettare forstå saknet som oppstår imellom barnet og dei biologiske foreldra. Ifølgje Holtan (2002) følte slektsfosterforeldre i større grad ansvar for at barnet og dei biologiske foreldra behaldt kontakta.

Fleire har stilt spørsmål om prinsippet blir tileigna for stor vekt. Allereie i 1953 sa den grunnleggjande teoretikaren innan tilknytningsteori, Johan Bowlby, at det viktigaste for eit spedbarn er å få oppleve eit varmt, nært og stabilt tilhøve til ein fast omsorgsgivar (Bowlby, 1953). Han la vekt på kvaliteten på omsorga og ikkje på kven omsorgsgivaren var. Bunkholdt spør om det nødvendigvis er snakk om biologi når tilhøvet mellom barn og foreldre blir drøfta, og meiner at det like gjerne handlar om tilknytning og stabilitet (Bunkholdt, ref. i Bunkholdt& Sandbæk, 2008, s. 34). Ny lovgjeving innanfor rettsområder som blir regulert av bioteknologilova, ekteskapslova og barnelova gir i mellomtida grunn til å stille spørsmål om biologisk tilknytning skal ha redusert vekt i saker om barns omsorgstilhøve og oppvekst (Hagen & Rønbeck, 2011, s. 492). Både Havik (2003) og Bunkholdt (2003) drøfter om dei biologiske prinsipp gir så sterke føringar at det blir vanskeleg å avslutte hjelpetiltak og erklære at nok er nok (Bunkholdt & Havik, ref. i Bunkholdt& Sandbæk, 2008, s. 34).

### 3.3 Slektskap

Kva som definerast som slekt har variert gjennom tidene. I denne oppgåva vil eg bruke slekt om dei personane som barnet er i biologisk i slekt med. I vår kultur er det natur og regelverk (sedvanar og jus) som skil slektskap frå andre kulturelle fenomen (Schneider, ref. i Holtan 2002). Slektskap vil sei felles opphav på eit eller anna trinn i

den biologiske utviklingshistoria (Moldestad, 1996, s. 31). Relasjonar som i vid forstand kan tilbakeførast til biologiske band eller legale band som ekteskap eller adopsjon (Bufetat, 2013). Dei viktigaste i slektskapen er mor, far og barn. Slektingar oppfører seg ovanfor kvarandre på bestemte måtar. Foreldre steller seg annleis til sine barn på ein annan måte enn sysken stellar seg til kvarandre (Holtan, 2002). Samstundes kan det vere store forskjellar i relasjonen foreldre har til sine barn og mellom ulike syskenpar.

### 3.4 Kontinuitet

Kontinuitet tydar å ha ei samanhengande livshistorie og er eit viktig moment i barn si utvikling. Ein slik samheng får me ved å vere omgitt av dei same personane og miljø over tid. Ifølge Bunkholdt (2001) er det først og fremst foreldre og sysken som skapar kontinuitet, men også familie utanfor kjernefamilien – besteforeldre, onklar og tantar, og etterkvart vener. Bilete, minner og stadar er eksempel på andre kjelder til kontinuitet. I fosterheimsarbeid er det viktig å vere klar over at denne kontinuiteten blir broten når barna blir plassert hjå andre (Holtan, 2004). Ho meiner difor at slektsfosterheim er det beste alternativet for å ta vare på kontinuiteten, fordi barnet har som regel kjennskap til familien og slik kan dei dele minner og opplevingar frå barnet si fortid (Holtan, 2004).

### 3.5 Identitet

Identitet er eit omgrep som det finst mange ulike definisjonar på. Bunkholdt (ref. i Slektsfosterhjem: Artikkelsamling, s. 5) definerer identitet som eit samla bilete av det me meiner er typisk for kvar av oss, som skillar oss frå andre, og som andre kjenner igjen som ”typisk oss”. Barn si identitet er ofte eit resultat av dei menneskjene og dei miljøa dei har rundt seg. Bunkholdt og Sandbæk (2008, s. 257) hevder at barn framkallar si identitet ut i frå det som gir ein konsistent og samanhengande oppleving av dei sjølve og kven dei er. Ein slektsfosterheim kan vere med å ivareta arv, kultur og familie og dermed styrke barnets identitet. Dette stadfestar Bunkholdt (2001) i si artikkel der ho påstår at slektsfosterheimar gir betre utviklingsvilkår for identitet hjå barnet enn ordinære fosterheimar.

### 3.6 Stabilitet

Stabilitet i omsorga er viktig for barnet på mange områder. Stabilitet i omsorga tydar at dei menneska barn og unge har rundt seg, gir omsorg i alle sine avskygginga på måtar som gjer dei vaksne føreseielege og til å stole på (Bunkholdt, 2010, s. 18). Når eit barn flyttar i fosterheim har dei behov for ein trygg og stabil omsorgsbases. Barnet vil kunne oppleve stabilitet ved å bli buande i fosterheimen lengst mogleg. Holtan (2004) meiner i artikkelen sin om slektsfosterheimar at dei er relativt stabile.

Forskinga ho har gjennomført viser at 51% av fosterforeldre i ordinære fosterheimar hadde fremma ankesak mot 25% av fosterforeldre i slektsfosterheim. Oppseiinga av kontraktar i ordinære fosterheimar var større enn i slektsfosterheimar. Dette har Toril Havik ved Barnevernets utviklingssenter på Vestlandet vist (Havik 2003). Andre funn har vert at barn i slektsfosterheim flyttar oftare innanfor heimkommunen og oftare fortsett å gå i same barnehage eller skule (Holtan, 2002). Noko som også er med på å oppretthalde stabilitet for barnet.

### 3.7 Tilhøyrslø

Å kunne føle tilhøyrslø er viktig for oss menneskjer. Me treng å føle at me er av verdi for nokon og ha nokon me kan bry oss om. Ifølge Fløistad (ref. i Moldestad, 1996, s. 44) er det eit fundamentalt behov i menneskjer å ha tilhøyrslø til andre menneskjer og natur, til hendingar og institusjonar og ein fellesmenneskeleg etikk og livssyn. Når eit barn skal plasserast i slektsfosterheim vil tilhøyrslø vere sentralt. Ved ein slektsplassering vil barnet lettare føle seg heime enn om ein flytter til eit framand miljø. Tilknytning og lojalitet kan væra nokon av utfordringane når eit barn skal knyta tilhøyrslø til ein fosterheim.

#### 3.7.1 Tilknytning

Tilknytning er eit sentralt omgrep i barn si oppvekst og utvikling. Bowlby (1953) meinte at å knyta nære emosjonelle band til sine omsorgsgivarar er eit universelt behov hos både menneskjer og pattedyr. Barn treng den vaksne som vern mot ytre fare. Tilknytning blir danna til dei nære personane barnet lev saman med frå fødselen (Moldestad, 1996, s. 44). Då oppstår det er eit emosjonelt band mellom barnet og disse personane. Når det gjeld kontakt med foreldra og flytting til fosterheim er det viktig i fosterheimsarbeid å vurdere tilknytninga barnet har til sine omsorgsgjevarar. Å

bli flytta til ein fosterheim kan vere ein stor belastning for barnet og då kan fosterforeldre oppleve utfordringar med å oppnå ein trygg tilknytning. Ofte vil dette bli vanskelegare desto eldre barnet er. Når barnet er eldre vil dei kunne vere i opposisjon og føle på si lojalitet ovanfor dei biologiske foreldra (Bunkholdt& Sandbæk, 2008, 265). Andre opplev at det er lettare å skapa trygg tilknytning til eldre barn, fordi dei forstår situasjonen og ønskjer ein trygg tilknytning til fosterfamilien. Ein trygg tilknytning gir fleire positive trekk som blant anna betre sjølvtilit og kan vere avgjerande for barnet sine sosiale evner seinare (Ekeland, Iversen m.fl., 2004, s.124).

Eldre barn som flyttar i fosterheim kan ha oppretta ein trygg tilknytning til nokon i slekta si. Då kan ein slektsplassering vere lurt slik at dei unngår å miste den trygge tilknytninga for så å bygge opp ein ny ein. Bunkholdt og Sandbæk (2008) påpeikar korleis tilknytning ikkje kun er mellom barn og fosterforeldre men også miljøet rundt. Viss slekta bur i nærområdet slepp barnet å byte skule og nabolag, og unngå å bryte med vener og andre i barnet sitt nærmiljø. Holtan (2004) stadfestar at barn i slektsfosterheim flyttar oftare innanfor kommunen deira enn barn i ordinære fosterheimar.

### **3.7.2 Lojalitet**

Lojalitet er eit stort omgrep og utviklar seg parallelt med tilknytning. Bunkholdt (ref. i Slektsfosterhjem: Artikkelsamling, s. 6) seier at lojalitet er sett saman av blant anna barnet sine krav til seg sjølv om å ta vare på og utvikla eit positivt bilde av foreldre sine, å vise kjærleik og omsorg, å forsvara dei mot angrep. Når barn må flytte i fosterheim mot foreldras vilje kan det oppstå lojalitetskonfliktar. Foreldra kan då krevje at barnet viser lojalitet til dei ved å ikkje bli knytt til fosterforeldra. Ved ein slektsplassering kan dette lettare unngåast. Når barnet skal flytte til slekta kan dei vere meir positive (Bunkholdt, ref. i Slektsfosterhjem: Artikkelsamling, s. 6). Opplevinga av å miste barnet kan bli mindre og foreldra behøver ikkje å pressa lojalitet deira.

## **3.8 Nettverk**

Eit nettverk er eit system av samhandlande komponentar, som til dømes dei menneskja me samhandlar med. Me kan dela nettverk opp i to ulike, uformelt nettverk og formelt nettverk. Eit uformelt nettverk vil då vera samansett av familie og slekt,



naboar og vener, mens eit formelt nettverk vil vere arbeidsplassen, skulen og det offentlege. Ifølgje Fyrand (2005) er barn avhengig av eit fungerande uformelt nettverk for at dei skal kunne hente støtte frå familien. Fyrand (2005, s. 102) definerer ein slektsfosterheim som eit fungerande uformelt nettverk, og vil stå for stabilitet, tradisjon og kontinuitet.

### 3.9 Familieråd

Barneverntenesta skal tilby barn, unge og familiar hjelp og støtte. Familieråd er eit døme på ein type støtte. Det er eit tilbod der barnet, familien og nettverket deira samarbeider og aktivt blir involvert i å finne gode løysningar for barnet (Bufetat, 2016). Familieråd styrkar brukaranes innverknad og bidrar til å gi informasjon, mobilisera ressursar og skapar openheit om innsats og ansvarsfordeling (Bufetat, 2016). Målet med møtet er at familien skal saman komme fram med ein plan som skal betre familien sin, og då spesielt barnet si situasjon (Bufetat, 2016). Eit døme på dette kan vere at barnet flyttar i fosterheim til nokon i slektas.

### 3.10 Fosterbarn sine meiningar

*”Jeg har jo opplevd at mange tror at det er noe feil med meg når jeg forteller dem at jeg er fosterbarn. Men når jeg sier at jeg er oppvokst hos tanten og onkelen min sier de alltid: ”ahaa”, akkurat som det ikke er noe feil med meg likevel.”* (Bufetat, 2013).

Fosterbarn sine meiningar om slektsplassering er generelt positive og dei føler seg ikkje som eit fosterbarn, då dei har vakse opp i familien likevel (Bufetat, 2013, s. 11). Dei meiner dei har eit betre tilhøve til familien enn før, og om dei måtte ha flytta inn i ein framand familie ville dette i mindre grad vore mogleg. Barna ville ikkje fortelja kvifor dei budde i fosterheim til kven som helst, fordi dei ville vere mest mogleg lik dei andre barna, men tykte det var lettare å fortelje det når dei budde hjå slektningar sjølv om dei følte seg annleis (Holtan, 2002). Når det gjaldt barna sine opplevingar av stigmatisering av å vere fosterbarn, fant Burgess et al. (2010) at barna understreka at å bu hjå slekta var det same som å bu i kva som helst anna familie. Samstundes fann ein at det var ein tredjedel som blei mobba fordi dei ikkje budde hjå foreldra sine. Når det gjeld oppfatningane deira om barnvernet si posisjon og kva relasjon til barnvernet

representerer for dei er forskjellige (Thørnblad, 2011). For enkelte var det viktig å avgrensa barnvernet si betydning mest mogleg, medan andre tykte kontakta med barnevernet var viktig for dei.

Her kan me sjå at erfaringar frå oppvekst i slektsfosterheimar er generelt positive. Hovudtendensen ser ut til å vere at dei aller fleste har det godt. Slektsfosterheim representerer ein trygghet og normalitet som forbindast med familie og heim.

## 4.0 Drøfting

Til no har det blitt presentert teori, forskning og fosterbarn sine meiningar rundt eigen oppvekst i slektsfosterheim. I dette kapitlet vil desse bli drøfta opp mot oppgåva si problemstilling:

*Kva fordelar og ulemper kan fosterheims plassering i eigen slekt føre med seg for barn under offentleg omsorg og for barnevernet sitt arbeid med fosterfamilien?*

### 4.1 Er slektskap ein fordel når det gjeld å ta vare på kontinuitet og stabilitet?

At barn skal få oppleve kontinuitet til omsorgspersonar er eit av måla i Lov om Barneverntenester. Slektsplassering samanlikna med ordinære fosterheimar visar meir kontinuitet og mindre mengde brot (Holtan, 2002). Holtan (2004) meiner i sin artikkel at denne typen fosterheimar er relativt stabile og vil vere det beste alternativet for å ta vare på kontinuiteten. Dette grunnjev ho med forskingsresultat som visar at 51% av fosterforeldre i ordinære fosterheimar hadde fremma ankesak, mens blant fosterforeldre i slektsfosterheimar var det 25%. Då vil barnet kunne bu på same plass lengre, som vil vere med på å ta vare på kontinuiteten. Slektsfosterheimar vil også kunne ta vare på kontinuiteten til barnet si kulturelle bakgrunn. Menneskerettsleg skal barnevernet jobba anerkjennande og stilla seg til barn sine kulturelle, etniske, religiøse og språkelege bakgrunn (Bufetat, 2013). Dersom kulturforskjellane er for store kan barnet verte usikker på korleis det skal oppføre seg og trekkje seg unna fosterforeldra. Sjansen for at barnet og slektsfosterheimen har same kultur vil vere

større enn ved ein ordinær plassering (Holtan, 2004). Derfor vil slektsfosterheimar i mange tilfelle vere ein fordel når det gjeld oppretthalde kontinuiteten av kulturen.

Slektsfosterheimar er basert på etablerte relasjonar mellom fosterforeldre, fosterbarn og deira foreldre (Thørnblad & Holtan, 2011). Fosterforeldra har valt å ivareta omsorga for eit bestemt barn og har ofte tatt vare på barnet allereie før fosterheimsgodkjenninga (Thørnblad & Holtan, 2011). Ein dansk rapport av Knudsen (2009) fann at halvparten av barna ofte levde hos sin seinare slektsfosterfamilie før plasseringa blei formell, men at den formelle plasseringa skjedde seinare enn ved ordinære fosterheimsplasseringar. Dette kan bidra til at barn i slektsplassering samla sett stiller seg til færre omsorgsmiljø og omsorgspersonar enn andre fosterbarn sjølv om dei formelt sett flyttar inn seinare. Halvparten tok initiativet sjølv og kontakta dei biologiske foreldra om dei kunne ta vare på barnet (Knudsen, 2009). Då kan barna føle seg meir velkomen når dei veit at dei ønskjer å ha dei buande hjå seg.

Eit sentralt kjenneteikn er at mange slektsfosterheimar har føresetnadar for å skapa ei oppleving av samanheng gjennom kontinuitet i nære relasjonar (Thørnblad, 2011). Denne samanhengen inneber ei oppleving av tilhørslse i familien, å oppleve seg synleg, av gjenkjenning og av felles referansepunkt som skapar sikkerheit (Thørnblad, 2011). Dette vil også bidra til å utvikla stabilitet, fordi ein svært viktig del av det er å ha dei same menneska rundt seg når ein veks opp og behalda desse gjennom store delar av livet. Viss måten barn sitt behov blir møtt på er adekvat og føreseieleg, skapar det stabilitet, pålitelegheit og ein kjensle av tryggleik (Bunkholdt & Sandbæk, 2008, s. 255). Viss plassering i slekt viser seg å vere stabil vil også kontinuitet vere eit faktum.

På ei anna side kan dette vise at tilfelle der barn blir plassert i slektsfosterheim har vanskelegare for å bli tilbakeført til biologiske foreldre (Holtan, 2002, s. 25). Noko som strir mot målet om tilbakeføring. Det kan også tyde på at denne type plassering fungerer godt, og dermed varer lengre. Holtan (2002, s. 21) skriv i si avhandling at barn som flytta til sine biologiske foreldre etter å ha budd hjå slekta si hadde mindre sjanse til å kome under offentleg omsorg på nytt enn barn i ordinære fosterheimar. Dette kan ha samanheng med at barna oftare oppretthaldt kontakta og relasjonen med sine biologiske foreldre som skapar kontinuitet og stabilitet. Som tidlegare nemnt i

oppgåva er kontinuitet og stabilitet også ein viktig del av å halda ved lag og utvikle identitet. Dette kjem eg tilbake til i neste underkapittel.

## 4.2 Utvikling av identitet

Knudsen (2009) fokuserer på betydninga av anerkjenning for å oppnå ei tilfredstillande identitetsutvikling. Anerkjenning frå dei nære menneskjene rundt deg imøtekome primære behov for kjærleik, tillit og trufastheit (Knudsen, 2009). Barnet har som regel kjennskap til familien slik at dei kan dele minner og opplevingar frå barnet si fortid (Holtan 2004). Då vil det kunne få ein følelse av sin verdi for fellesskapet.

Til saman vil kontinuitet og stabilitet skapa ein forståing av eigen identitet. Bunkholdt og Sandbæk (2008, s. 257) seier at dette er hovudårsaka til at ein ved flytting passar på at barna får behalda kontakta med sine første omsorgsgivarar og dermed behald tråden i utviklinga av identitet. Det å vakse opp med sin eigen familie og ta vare på røtene er eit godt grunnlag for utviklinga av identitet og kan gjere at ein kjenner sosial tilhørsle enklare i fosterheimen. Når eit barn flyttar til ein ordinær fosterheim må mange byta nærmiljø og skule, som kan føre til at dei mista tilhørsla si. Dei kan føle dei ikkje får veta nok om deira biologiske foreldre og sitt opphav. Når me dannar oss eit bilete av oss sjølve (vår identitet) er me avhengig av å kjenne til opphavet vårt, fordi vår identitet vert skapt av blant anna dei menneskjene som gav oss liv. Ifølge Berridge og Cleaver (1987) blir det sett som negativt for barnets velferd å stadig skifta omsorgspersonar og ha gjentakande flyttingar. Ifølgje Holtan (2002) var det ved slektsplasseringar sjeldnare at barna måtte bytte nærmiljø og skule enn ved ordinære fosterheimplasseringar. Ved å ta vare på same nærmiljø kan det vere lettare å utvikle vidare på identiteten. 52% av barna i slektsplassering flytta til nærmiljøet sitt mot 82% i ordinære fosterfamiliar, mens når det gjaldt skule var det overraskande nok ikkje noko forskjell mellom dei (Knudsen, 2009). Når eit barn blir flytta innanfor i slekta vil det kunne bidra til å ivareta arv, kultur og familie som vil styrke barnet si identitet. Då vil slektsfosterforeldra i større grad kjenne til dei biologiske foreldra. Ifølge Bunkholdt (2001) vil barna då auka moglegheita til å vidareutvikla identiteten si. Barn i ordinære fosterheimar har også moglegheit til å skapa identitet, men då er det viktig at fosterforeldra er inkluderande til barnet si slekt og familie (Bunkholdt, 2010).

### 4.3 Verdien av å halda ved lag nettverket

Vårt familie- og slektsnettverk er ikkje noko me vel sjølv og står for stabilitet og kontinuitet. Eit nettverk med stor tettheit gir gode moglegheiter for å få hjelp når det trengs, og som tidligare nemnt kan beskrivast som eit fungerande uformelt nettverk (Fyrand, 2005, s. 102). I eit slikt nettverk er det gode moglegheiter for å få til ei slektsplassering, fordi eit nettverk med stor tettheit kan bringe med seg kontroll og store sanksjonar (Fyrand, 2005, s. 102). Knudsen og Egelund (2011) konkluderer med at den viktigaste effektane av slektsfosterheimar er at dei i større grad enn andre fosterheimar sikrar fosterbarnet sitt sosiale nettverk. Samstundes kan eit slikt nettverk føre til at dei biologiske foreldra styrar fosterforeldra for mykje og dette kan øydeleggje barnet sin stabilitet og det får ikkje danna ei trygg tilknytning til fosterforeldra. Då kan det vere at kontinuitet må vike til fordel for stabil omsorg og difor vil det kanskje vere lurare å plassere barnet i ein ordinær fosterheim. Manglande nettverk kan bli eit problem seinare når dei som unge vaksne skal over i sjølvstendig tilvere. Nettverk har avgjerande følgje, ikkje berre som psykisk gode, men også blant anna for praktisk hjelp, støtte og deltaking i felles aktivitetar (Knudsen & Egelund, 2011, s. 106).

### 4.4 Kontakt med sine biologiske foreldre

I dag er barnevernet i følgje Lov om Barneverntenester forplikta til å leggja til rette for gjennomføring av fastsette samværsavtalar, med mindre anna er bestemt, for å ivareta kontakta biologiske foreldra. Ei oppfatning om slektsplasseringar er at lojaliteten til familiefosterheimen ligg hjå familien, frammanfor barnevernstenesta, noko mange sosialarbeidarar ser på som eit negativt trekk, då det reduserer kontrollen (Moldestad, 1996). Samstundes så har desse barna meir samvær med sin biologiske foreldre og dette kan hindre lojalitetskonflikt som igjen kan oppretthalde tilknytninga. Ifølgje Holtan (2002) og Knudsen (2009) har barn i slektsfosterheimar generelt oftare og meir samvær med dei biologiske foreldra (særleg mor) enn i ordinære fosterfamiliar. Slike samvær skjer ofte heime hos fosterforeldra som gjer at begge foreldre para er samla. Samværet var avhengig av kva alderen til barnet var og kva type som var tillate. Havik (1996) fant at slektsplasseringar blei avtalt oftare ved slektsplassering. I praksis blei det ikkje utført oftare enn i ordinære fosterfamiliar, men varigheita av kvart enkelt samvær var lengre. Kontakta med biologiske foreldre

kan bidra til komplekse familierelasjonar og opplevast belastande for slektsfosterforeldre (Thørnblad, 2011). utfordringar ved slektsplasseringar knyter seg særleg til familiar der biologiske mor og fostermor ikkje har hatt ein direkte slektsrelasjon til kvarandre gjennom felles oppvekst (Holtan, 2002). Der fostermor er mors svigerinne eller i fars slekt syner utfordringane å vere større (Holtan, 2002). Det leggjast difor stor vekt på at fosterforeldre samarbeider med barnevern og foreldre for å realisere samværsavtalar. Då er tilhøvet til barnevernet særleg viktig. Det er viktig at barnevernet høyrar på korleis dei forstår situasjonen på og motverka at dei blir oppfatta som kontrollør og formyndar som familien trekk seg vekk ifrå (Bufetat, 2013). Fosterheimskontrakten kan brytast og det er knytt økonomisk godtgjering i avtala. Dette bringer usikkerheit blant alle. Difor er det viktig at dei samarbeidar slikt at det skapar føreseielegheit for barnet. Stabilitet for barnet er blant anna avhengig av korleis disse samarbeider. Ifølge Holtan (2002) syner barnet sitt samvær med mor og far å vere avhengig av kva slektskap det er mellom fosterforeldre og biologiske foreldre. Barn hadde hyppigare kontakt med far når dei budde i fars slekt, medan mor hadde som regel kontakt med barnet uavhengig av kor dei budde, sjølv om frekvensen var avhengig av slektskapen til fosterforeldra (Holtan, 2002).

Internasjonal og nordisk forskning visar at dei sosioøkonomiske tilhøva til begge partane er ganske like ved slektsplassering dermed vart skilnaden mindre for barnet. Fosterforeldre i slekt er oftare einslege, har dårligare økonomi, lågare utdanning og dårligare helse samanlikna med ordinære fosterforeldre (Meld. St. 17 (2015-2016), s. 31). Til tross for dette visar fleire undersøkingar at slektsfosterbarn klarar seg betre enn ordinære fosterbarn (Winkour, Holtan & Valentine, 2008; O'Brien, 2012). Dette kan forklarast med at barna i utgangspunktet hadde mindre vanskar og at dei får den omsorga dei treng i slektsfostreheimen, til tross for at dei hadde dårlegare vilkår for sin omsorgsutøving (Winkour, Holtan & Valentine, 2008; O'Brien, 2012).

Som nemnt tidlegare i oppgåva er den kulturen ein veks opp i med på å skapa identiteten din. Dersom skilnaden dei økonomiske tilhøva og levesett mellom biologiske foreldre og fosterforeldre er for stor kan ein det oppstår ein kulturforskjell og barnet kan bli tvunge til å velje ein av dei (Holtan, 2002). Noko som kan føre til ein lojalitetskonflikt. I ein slektsfosterheim kan kulturforskjellane verte mindre, fordi den liknar meir på dei biologiske foreldra sine sosioøkonomiske tilhøve (Holtan,

2002). Dei kan ha ein mindre følelse av ein konkurransesituasjon når barnet flytter innanfor i familien. Slik kan eventuelle lojalitetskonfliktar i barnet verte redusert.

#### **4.5 Påverkar slektsplassering barnevernet sitt arbeid med familien?**

I barnevernsarbeid kan det vere ein utfordring å leggja til rette for ein god relasjonsbygging mellom foreldre og fosterforeldre i alle typar fosterheimsarbeid (Bunkholdt & Sandbæk, 2008). Som nemnt i underkapittelet ovanfor kan samarbeidet mellom fosterforeldre og dei biologiske foreldra vere vanskelig ved ein slektsplassering. Difor er det viktig at fosterforeldra får den rettleiinga, oppfølging og støtte dei treng slik at dei blir betre rusta til å møte slike utfordringar. På førehand før fosterforeldra skal ta imot barnet skal dei få moglegheit til å ta eit PRIDE kurs. Formålet med PRIDE er å gi potensielle fosterforeldre moglegheita til å vurdere om dette er noko for dei, samt førebu, utvikla og støtta dei familieane som allereie har tatt valet (Bufetat, 2013). Det skal gi kunnskap og innsikt, og visa ferdigheitar dei må ha. Kurset for fosterforeldre i slekt er utvikla likt som for ordinære fosterforeldre. Minst fira gongar i året skal barneverntenesta besøkje heimen for å sikra ein forsvarleg oppfølging og kontroll av barnet sin situasjon i heimen. Barn og foreldre seier at dei enkelte gongar har fått for lite, eller tvitydig informasjon når det gjeld rettleiing, oppfølging og økonomisk støtte (Koch og Koch, 1995). Dette har spesielt gjeldt slektsfosterheimar. Dei faktiske tilhøva har også vore slik at slektsfosterheimar har fått mindre rettleiing (til dømes PRIDE kurset), oppfølging og økonomisk støtte enn ordinære fosterheimar (Holtan, 2002). Dette bekreftar også Knudsen (2009). At slektsfosterforeldre får mindre rettleiing og oppfølging kan skyldast at barna allereie budde hos dei før plasseringa var formell (Knudsen, 2009). Difor har dei kanskje ikkje følt at dei trong like mykje rettleiing og oppfølging. Til tross for dette bør alle slektsfosterforeldre få like god rettleiing og oppfølging, og det at dei har generelt mindre kontakt med barneverntenesta er nødvendigvis ikkje eit godt teikn. Dette kan resultere i at barnet ikkje får den hjelpa det treng, fordi barneverntenesta ikkje får nok innsyn i familien (Bunkholdt, 2001).

At familiar skal hjelpe og støtte kvarandre i vanskelege tider er ei rådande norm og ei slektsplassering kan fort bli sett på som ein familieteneste (Holtan, 2002). Mange kan oppleve at det fører med seg konfliktfylte relasjonar med andre familiemedlemmer.

Då kan redselen for at dei kjem til å tolkast som ikkje eigna fosterforeldre kome. Når det er snakk om barnevernet blir det ofte i for stor grad fokusert på manglar og problem, som kan føre til at det å ha kontakt med barnevernet blir framstilt som eit negativt kjenneteikn. Dette bidrar til å reprodusere stereotypiar og marginalisering (Thørnblad, 2011). Dette kan resultere i at dei har større vanskar med å kontakta barnevernet når dei treng hjelp og støtte. Difor er det viktig å få til eit godt samarbeid mellom barneverntenesta og fosterforeldre slik at barnet får det best mogleg.

#### **4.6 Når kan slektsplassering vere eit uheldig alternativ?**

I barnevernsakar skal alltid alle moglege frivillige tiltak forsøkjast før ein eventuell tvangsplassering trer inn etter §4-12. Dette blir kalla mildaste inngrepsprinsipp. Difor er eit sentralt element i barnevernslova at barn først og fremst skal hjelpast gjennom hjelpetiltak (§4-4), og at dette skal skje i samarbeid med familien (Sundt, 2010, s. 27). Her kan ein leite etter ressursar i familien og få kjennskap til barnet sin situasjon. Viss ein gjer ei grunding undersøking kan ein finne ut om familien kan vere passande til slektsplassering. Enkelte gongar er konfliktnivået i familien høgt (Holtan, 2002). Dersom det er mykje konflikter og dei syner å vere høge og langvarige, kan dette bli ein lojalitetskonflikt for barnet og hindra tilknytning vidare i utviklinga (Bunkholdt, 2001). Nokon fosterbarn kan oppleve at nære slektingar bryt kontakta med kvarandre som følgje av at dei ikkje klarar å stilla seg til dei vanskane det er å ha eit barn i fellesskap (Slektsfosterhjem: Artikkelsamling, 2004, s.41). Difor er det viktig at ein slektsplassering blir nøye vurdert og ikkje tvingast igjennom ukritisk fordi det kan ha gode sider ved seg. Det som bør ha mest vekt for arbeidet er kva det individuelle barnet treng (Holtan, 2002). Samstundes kan nettverket bidra til å løyse slike konflikter ved bruk av til dømes familieråd. Ein av målsetjingane er å rekruttera fleire fosterheimar i barnet si slekt, som kan gjerast blant anna igjennom familieråd. Familieråd er ein avgjersle modell i barnevernsakar og kan vere eit godt hjelpemiddel ved slektsplasseringar. Dei siste ti åra har talet på slektsplassering auka betrakteleg. I Stortingsmeldinga (2016) står det at denne utviklinga heng blant anna saman med at det blir stadig vanlegare å bruke familieråd i forkant av at barn flyttar i fosterheim. Det mobiliserar familie og nettverk, og aukar sannsynet for å finna moglegheita til at barnet kan flytta til slektingar (Meld. St. 17 (2015-2016), s. 31). Dette vil vere betre for barnet ettersom brotet ikkje vil vere like stort som å flytte til



ein ordinær fosterfamilie og kan hindre lojalitetsbrot i familien ved at dei får snakka saman. Til tross for dette må ein ta vurdering om familieråd vil vera hensiktsmessig med tanke på om konfliktnivået er for høgt i familien.

## 5.0 Avslutning

Motivasjonen for å skriva denne oppgåva har vert å utvida kunnskapen min om fosterheimsplassing i slekt, barnevernet sitt arbeid med slektsfosterfamiliar, og fordelar og vanskar ved dei. Gjennom teori og forskning har eg prøvd å belysa min problemstilling frå fleire vinklar. Oppsummert visar forskning at slektsplassing stort sett er ein god plasseringsform, og på enkelte område noko betre enn ordinære fosterheimar. Samstundes visar forskning at det har sine utfordringar med omsyn til slektsfosterheimane sine kvalitetar og dei strukturelle rammene rundt. Kontinuitet, stabilitet, tilknytning, tilhøyrse, lojalitet, identitet og nettverk er alle viktige omgrep i barn si oppvekst og utvikling. Samla gjer dei at fosterbarna opplev meir samanheng i eigen livshistorie, kontinuitet og stabilitet i sosiale relasjonar, som tilleggast stor vekt i barnevernet. Samstundes får slektsfosterheimar mindre rettleiing, oppfølging og mindre økonomisk støtte samanlikna med ordinære fosterheimar. Ved ein slektsplassing er det naudsynt å vurdera det enkelte barnet, og om ei slik plassering er det beste alternativet. I ei sak kan argumentet for slektsplassing, vere eit argument imot, i ei annan. Å plassere eit barn i slekt skal difor ikkje vere eit automatisk val.

## 7.0 Litteraturliste

- Berridge D, Cleaver H (1987), *Foster Home Breakdown*. Blackwell, Oxford.
- Bowlby, J. (1953): *Child Care and the Growth of Love*. London: Pelican Books.
- Bunkholdt, V. (2003). *Biologi eller psykologi som grunnlag for beslutninger i barnevernet- hva skal ha størst plass? I Norges Barnevern*, nr 1/80, s. 15-22.
- Bunkholdt, V. (2001). Fosterhjem i familien. *Fosterhjemskontakt*, Fosterhjemskontakt Andebu : Norsk fosterhjemsforening 19 (2001) nr 2.
- Bunkholdt, V. (2010). *Fosterhjemsarbeid : Fra rekruttering til tilbakeføring* (2. utg. ed.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Bunkholdt, V. og Sandbæk, M. (2008). *Praktisk barnevernarbeid*. 5. utg. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Dalland, O. (2010). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Ekeland, T., Iversen, O., Nordhelle, G., & Ohnstad, A. (2004). *Psykologi for sosial- og helsefag*. Oslo: Cappelen akademisk forl.
- Fyrand, L. (2005). *Sosialt nettverk*. 2. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hagen, T., & Rønbeck, K. (2011). Står det biologiske prinsipp for fall? ; det biologisk prinsipp i barnevernloven og barneloven - noen forskjeller. *Lov Og Rett*, 491-499.
- Havik, T. (2003). *Barnets beste- har vi noen holdepunkter? I Norges Barnevern*, nr. 4/80, s. 14-17.

- Havik, T. (1996). *Slik fosterforeldrene ser det : Resultat fra en kartleggingsstudie* (Vol. 1996 nr 3, BVK (trykt utg.)). Bergen: Barnevernets kompetansesenter på Vestlandet.
- Holtan, A., & Universitetet i Tromsø. (2002). *Barndom I Fosterhjem I Egen Slekt*.
- Holtan, A. (2004). Kan slektsfosterhjem sikre barnets tilhørighet? *Slektsfosterhjem, Slektfosterhjem Oslo : Norsk fosterhjemsforening, 2004*.
- Kjønstad, A. og Syse, A. (2008). *Velferdsrett II. 3. utg.* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Knudsen, L. og Egelund, T. (2011). Effekter af slægtspleje: slægtsanbragte børn og unges udvikling sammenlignet med plejebørn fra traditionelle plejefamilier. København, SFI.
- Knudsen, L., & Evalueringen af anbringelsesreformen. (2009). *Børn og unge anbragt i slægten : En sammenligning af slægtsanbringelser og anbringelser i traditionel familiepleje* (Vol. 09:26, Socialforskningsinstituttet (online)). København: SFI.
- Le-Prohn NS. (1994). The Role of the Kinship Foster Parent: A Comparison of the Role Conceptions of Relative and Non-relative Foster Care Parents, *Children-and-Youth services-review* 16: 65-84.
- Levin, I. (2004), *"Hva er sosialt arbeid?"*. Oslo. Universitetsforlaget AS.
- Moldestad, B. (1996). *Egne Barn - Andres Unger? : En Undersøkelse Om Sosialarbeideres Mening Om Fosterbarns Familie Som Plasseringssted, 21, Sosialt arbeids rapportserie (trykt utg.) 21*.
- O'Brien, V. (2012). The benefits and challenges of kinship care. *Child Care in Practice*, 18, 127-146.

*Slektsfosterhjem : Artikkelsamling* (Vol. Nr 17, Temahefte (Norsk fosterhjemsforening : trykt utg.)). (2004). Oslo: Norsk fosterhjemsforening.

Sundt, H. (2010). *Fosterhjemshåndboka* (5. utg. ed.). Oslo: Kommuneforl.

Thørnblad, R. (2011). *Slektsfosterhjem : Offentlig tiltak i private hjem*.

Thørnblad, R., & Holtan, A. (2011). Oppvekst i slektsfosterhjem ; unge voksne fosterbarns familieførståelser. *Tidsskrift for Ungdomsforskning*, [49]-67.

Winokur, M., Holtan, A. & Valentine, D. (2008). "Kinship care for the Safety, Permanency and wellbeing of Children removed from the home for maltreatment." *Campbell SystematicReviews*2008:16.DOI:10.4073/csr.2009.1.

#### **Lover, Forskrifter og Stortingsmeldingar:**

FNs konvensjon om barnets rettigheter.(Barnekonvensjonen) URL:

[http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/veiledninger\\_brosjyrer/2000/barnekonvensjonen-kortversjon-norsk.html?id=87582](http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/veiledninger_brosjyrer/2000/barnekonvensjonen-kortversjon-norsk.html?id=87582) (Lest 15.april 2012).

Forskrift om fosterhjem 2003. Fastsatt av Barne-og familiedepartementet 18. desember 2003 med hjemmel i lov av 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester § 4-22 tredje ledd. URL:

[http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/lover\\_regler/forskrifter/2003/forskrift-om-fosterhjem.html?id=92232](http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/lover_regler/forskrifter/2003/forskrift-om-fosterhjem.html?id=92232) (lest 1.mai 2016).

Meld. St. 17 (2015-2016). (2016). *Trygghet og omsorg- Fosterhjem til barns beste*.

Henta fra:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/aca456569b1d41e9abd37a2a8038637e/no/pdfs/stm201520160017000dddpdfs.pdf> (Lest 3. Mai 2016).

Lov om Barnevernstjenester (Barnevernslova), LOV-1992-07-17-100. URL:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100> (Lest 10. April 2016).

**Andre kjelder:**

Bufetat (2016). *Familieråd – gode løsninger for barnet i slekt og nettverk*. Henta frå :

<http://www.bufdir.no/familierad/>

Bufetat (2013). Fosterhjem i slekt og nettverk- artikkelsamling. Henta frå:

[http://www.bufdir.no/Global/Fosterhjem/Brosjyrer/1/Fosterhjem\\_slekt\\_netter\\_k\\_artikkelsamling.pdf](http://www.bufdir.no/Global/Fosterhjem/Brosjyrer/1/Fosterhjem_slekt_netter_k_artikkelsamling.pdf) (Lest 4. April 2016).

Statistisk sentralbyrå (2015). Auke i barn under omsorg av barnevernet. Henta frå:

<https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/statistikker/barnevern/aar/2015-07-09> (Lest 29. April 2016).